



Programleiar Tom Stiansen og produsent Rune Biseth på Sandakaaien fredag føremiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I mars neste år blir det skikkeleg reklame for Uskedalen og nærliggjande område i TVNorge. Då blir ein ny variant av den populære serien 71 grader nord (Lindesnes-Nordkapp) sendt og i serien inngår ein morgonvisitt i vår bygd. Opptaka blir gjort i føremiddag (fredag). Den nye varianten er i prinsippet lik den gamle, forskjellen ligg i at det er kjendisar som deltek.



Kameraoperatørane klare på Sandakaien. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Men i denne nye serien, som heiter 'Norges tøffeste kjendis', er vi LITT snillare enn i den andre. Det har tildels samanheng med at alle deltakarane ikkje har høve til å vera med så lenge, sa produsent Rune Biseth til uskedalen.no på Sandakaien i føremiddag.



Deltakarane blir intervjuet ved Vertshuset. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Då fekk deltakarane seg ein velfortent frukost etter å ha forsert Folgefonna med endepunkt i Jondal. I Uskedalen skulle dei få tildelt ei ny krevjande oppgåve.

Kva den går ut på er hemmeleg, like hemmeleg som kven kjendislaget no består av etterat 3 av 10 har takka for seg undervegs frå Lindesnes. Difor fekk vi ikkje lov til å ta nærbilete av flokken.

Men dette er gjengen som starta frå landets sydligaste punkt: Stig Kjos, Lars Barmen, Harald Martin Brattbakk, Tommy Steine, Cato Zahl Pedersen, Kjersti Grini, Lillian Müller, Kristin Krohn Devold, Marken Tveitan og Liv Marit Wedvik.

Å produsera TV-program er ein svært krevjande oppgåve med omsyn til menneskap. TVNorge har overlevert til selskapet Nordisk Film & TV å laga denne serien og dei har kalla inn frilansarar frå næringslivet alle kantar, faktisk rundt 40 i talet. Alle jobbar sjølvsagt ikkje samstundes, men kjem inn når det er bruk for dei.

Programleiar også i denne nye serien er alpinkjendis Tom Stiansen.

Allereie 15.september skal vinnaren kårast på Nordkapp. Det er ei hard økt som står att.

Av Ola Matti Mathisen